

Vi treng å ha vidaregåande skule i Lom!

Utan ungdommen stoppar Lom opp

Ein travel sommarsesong er snart over i Lom. I år, som tidlegare, har bedriftene skalert opp både produksjon og gjengen med tilsette for å dekkje behova til alle turistane som kjem innom bygdene våre.

På Bakeriet i Lom aukar talet på tilsette frå 13 til over 60 i sommarsesongen. Denne oppskaleringa ville vært umogleg å få til utan ungdommen vår.

Mange av dei tilsette er ungdom vi blir kjende med i løpet av året. Desse kjem innom og jobbar nokre ettermiddagar og helger, før dei så er klare for ein hektisk sommarsesong.

Mange av dei går på skule i Lom. Nokre reiser vekk for å gå på spesielle liner, men dei aller fleste blir buande heime medan dei tek vidaregåande utdanning.

Elevane ved studiespesialisering tek fyrst og fremst på seg å jobbe med sal og servering, medan elevane som går bygg og anlegg, som seinare oftast får seg læreplass i Lom, er svært viktige for mellom anna vedlikehaldsarbeid på bedriftene i den hektiske sommarsesongen. Snart kan denne flotte og flittige ungdommen bli tvinga ut av bygdene våre allereie frå 16-årsalderen.

Alt heng saman

Dersom avdelinga til Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule i Lom blir lagt ned, betyr det at mange fleire må flytte frå heime. Det er sjølv sagt mest uheldig for den enkelte elev som dermed får lågare sjanse til å klare å gjennomføre vidaregåande opplæring. Men det vil òg ha store negative ringverknadar for turistbedriftene i kommunen, og på lomssamfunnet som heilheit.

Bakeriet i Lom er langt frå den einaste turistbedrifta i Lom som er heilt avhengig av ungdommen for å få sommarsesongen til å gå rundt. Rundt om i kommunen er det overnattingsstadar, aktivitetsparkar, restaurantar og museum som alle opplever eit heilt anna trøkk på sommaren enn på vinteren. For alle desse, er lokal og ung arbeidskraft alfa omega. I reiselivet heng alt saman; bedriftene som driv serveringsstadar er avhengige av bedrifter

som driv med overnatting, som igjen er avhengige av bedrifter som driv med aktivitetar for turistane. Alle desse er til slutt avhengige av ungdom som kan bidra med arbeidskraft, lokalkunnskap og nye, friske perspektiv.

Ungdom er framtida for reiselivet

I tillegg til å jobbe i meir generelle greiner av servicebransjen, er det òg mange av dei unge i Lom som har sesongarbeid innan snevrare felt. Kvart år har elevane fått velje å ta friluftslivsfag og å gjennomføre brekurs.

Dette er ein effektiv måte å rekruttere lokal ungdom til eit fagfelt som er svært viktig for regionen vår – kvar sommar guidar unge ottadølar turistar frå heile verda opp til taket av Noreg, og viser dei det beste kommunen vår har å by på. Og kven veit? Kanskje ender nokre av desse guidane opp med å drive morgondagens reiseliv i Lom?

Her kan et godt utdanningstilbod være fullstendig utslagsgjevande.

At ein stor del av sommarhjelpa er lokal, er òg viktig reint praktisk. Når stillingar må bli dekte av tilsette som ikkje bur i nærleiken, får bedriftene òg store utfordringar med å skaffe bustad til desse tilsette.

Raserer grunnsteinen i lokalsamfunnet

Det er stor forskjell på ord og handling. Ein kan prate så pent ein berre vil om levande lokalsamfunn, men det hjelper diverre ikkje særleg dersom ein ikkje legg til rette for det i praksis. Tvert imot, vil ei nedlegging av den vidaregåande skulen i Lom rasere grunnlaget for eit levande lokalsamfunn – ved å fjerne ein av dei aller viktigaste grunnsteinane våre.

Grunngjevinga for å leggje ned skulen har mellom anna vore at ein ynskjer større gjennomføringsgrad og betre kvalitet. Men faktum er at lomsskulen har mykje betre resultat enn snittet i Innlandet på det aller meste.

Skulen i Lom ligg lågare på fråvær og høgare i karaktersnitt enn det som er snittet for resten av fylket, og det har han gjort dei seks siste åra. Samstundes fullfører og står dei aller, aller fleste elevane løpet – òg i høgare grad enn snittet for resten av fylket. At så mange fullfører

løpet sitt seier òg eitkvart om trivnaden blant elevane.

I tillegg ligg oppfylingsgraden for avdeling Lom på 83%. Det er 100 elevar på 120 plassar. Dette burde vera godt nok, ettersom den høgste oppfylingsgraden i fylket ligg på 89%. At oppfylingsgraden er så høg i Lom kjem ofte ikkje fram – gjerne ser ein på oppfylingsgraden for hele Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, i staden for på kvar enkelt avdeling.

Retten til å gå på skule

Nedlegging av skulen i Lom vil vera dramatisk for mange dersom det skulle gå igjennom. Elevane måtte i så fall belage seg på ein heilt annan kvardag enn den dei er vande med. Spesielt annleis vil det kome til å vera for elevar med behov for spesiell tilrettelegging. Eit forslag til alternativ til at dei skal reise til Otta for å gå på skule, har vore å la dei halde fram i grunnskolen. Altså å ekskludere dei frå eit miljø med jamaldrande. Er dette et verdig skuletilbod frå det offentlege?

Bakeriet har kvar sommar ein tilsett som tidlegare har hatt spesiell tilrettelegging ved den vidaregåande skulen i Lom. Denne avtalen er særst positivt både for bakeriet og den tilsette, men ville ikkje ha kome i stand utan at eleven hadde fått gå på skule i Lom.

Alle barn skal ha rett til å gå på skule, står det i barnekonvensjonen til FN. Opplysning er heilt grunnleggjande i eit demokrati.

Tenåra er ofte vanskelege nok for mange allereie. At 16-åringane våre framover kanskje må ta valet mellom fleire timar på buss kvar einaste dag, og å flytte for seg sjølve, kan vel ikkje seiast å vera eit tiltak som legg til rette for lærelyst.

Det blir ikkje akkurat fleire folk i regionen vår. Difor er det viktig å både stimulere til vekst, og å ta godt vare på dei vi har.

Den fyrste styreleiaren ved bakeriet pleidde å seie at vi måtte bruke pengar for å tene pengar. Det var eit godt råd - utan gode investeringar blir ikkje bollebaksten særleg bra. Det same gjeld i skulesaka. Fylkeskommunen må bruke nok pengar på skular for å sleppe å tape på alle frontar seinare.

Så vi får verkeleg tru det blir andre bollar.

Bakeriet i Lom AS

v/styret